

# Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## 2.søndag i Openberringstida – 10.januar 2016

Preiketekst: Joh 1, 29-34

Lesetekst I: Jes 53,6-9

Lesetekst II: Kol 1,15-20

## Guds lam og vegryddaren

Vi er i openberringstida og tekstane openberrar Jesus for oss på ulike måtar. Sist søndag vart Jesus som lyset trekt fram. Neste søndag skal vi høyra at Jesus kjem med nåden og sanninga. I dag er temaet Jesus som Guds lam.

### Vitnemål 1

Johannes Døyparen ber fram vitnemålet om Jesus. Etter at han hadde fått spørsmål om kven han sjølv var og svart rett ut at han verken var Messias, Elia eller profeten, blir han utfordra til å svara på kvifor han då døyper. Johannes svarer: *"Eg døyper med vatn. Men midt mellom dykk står ein de ikkje kjenner, han som kjem etter meg, han som eg ikkje er verdig til å løysa skoreima til."* (Joh 1,26-27). Han bruker ord frå profeten Jesaja då han karakteriserer seg sjølv: *"Eg er ei røyst som ropar i øydemarka: Gjer Herrens veg bein."* (v23)

Deretter vert det fortalt kva som skjedde *"dagen etter"*, og eg ser for meg at Johannes no har fått tid til å tenkja seg om, no veit han kva han skal seia, korleis han skal formulera seg, korleis han skal plassera både Jesus og seg sjølv i historien.

Om Jesus seier han:

- *"Sjå, Guds lam, som ber bort synda i verda."* (v 29)
- *"Etter meg kjem ein mann som er komen før meg"* (v 30)
- *"Eg visste ikkje kven han var"* (v 31)

Om seg sjølv seier Johannes Døyparen:

- *"men for at han skulle bli openberra for Israel, er eg komen og døyper med vatn."* (v 31)

### Vitnemål 2

Som for å understreka vitnemålet sitt, fortel Johannes kva som skjedde då han døypte Jesus. Matt 3,13ff skildrar denne situasjonen. I vitnemålet fortel Johannes om Anden som dala ned frå himmelen som ei due og vart verande over Jesus, om at han ikkje visste kven det var, men at han då fekk vita det og om at han var send for å døypa med vatn.

- *"men han som sende meg for å døypa med vatn, han sa til meg: han du ser Anden dala*

*ned over og bli verande over, han er den som døyper med Den heilage ande.” (v 33)*

- *”Og eg har sett det, og eg har vitna: Han er Guds Son.”(v 34)*

### **Johannes si oppgåve**

Han skal rydda vegen for ein som er komen før han, ein som var frå byrjinga, som var med ved skapinga (Kol 1,15-16). Han skal hjelpa til slik at han som han sjølv ikkje visste kven var, skal bli openberra for folket. Han forkynte ein omvendingsdåp, og dei som sanna syndene sine, vart døypte av Johannes i Jordan (Johannesdåpen). Samtidig forkynte han om *”ein som kjem etter meg som er sterkare enn meg...”(Mark 1,7)*

Johannes var bevisst på si oppgåve og si stilling i forhold til Jesus, det kjem til uttrykk når han seier: *”Han skal veksa, eg skal minka.” (Joh 3,30)* Han ser at han ikkje er verdig til å løysa skoreima hans, men samtidig forkynner han med styrke om han som skal koma. I fengselet kan det sjå ut som han er komen i tvil om det han har forkynt: *”Er du den som skal koma, eller skal vi venta ein annan?”(Matt 11,3)* Jesus svarte med å visa til skriftene, og Johannes skjøna.

Johannes si oppgåve var å vitna om Jesus, å peika på Jesus og å førebu grunnen for hans verk. Også om han var det profetert frå gamalt: *”Sjå, eg sender min bodberar, han skal rydda veg for meg.” (Mal 3,1)*

### **Jesus si oppgåve**

Jesus si oppgåve var å vera Guds lam, slik Johannes vitna om han. For jødane var dette eit kjent begrep, dei kjende lammet sin funksjon i religionen. I GT opptrer lammet i tre ulike sammenhengar: 1. Som offerlam (3 Mos 4,32); 2. Som påskelam (2 Mos 12,3 ff); 3. Som bilete på den lidande Herrens tenar (Jes 53,7). Jesus som Guds lam har element frå alle desse tre og blir brukt i alle tre tydingar i NT. Hovudsaka er at Jesus er den som ved si skuldlause lidning ber menneska si synd i staden for dei.

Når Guds lam vert brukt om Jesus, viser det til offera i den gamle pakt. Lammet som vart ofra ved utgangen av Egypt, og som berga dei førstefødde i Israel ved blodet som vart smurt på dørstolpane. Påskelammet som vart ofra kvart år gjennom alle generasjonar. På forsoningsdagen vart folket sine synder sanna over ein bukk, som bar syndene med seg ut i øydemarka. Syndene vart borne bort frå folket og bort frå Guds ansikt. Gud såg folket syndefritt fordi syndene vart borne bort av syndebukken.

Den funksjonen har Jesus som Guds lam for all verdens synd, for alle menneske.

Mykje kan seiast om Jesus, men det viktigaste som kan seiast om han, er at han er Guds lam. Då er det sagt at han er offer og soning, då er det sagt at han ber bort menneske si synd. Det var synda som var menneske sitt problem, derfor måtte synda sonast. Den skulda synda førte med seg, måtte betalast. Dette var umogleg for menneske sjølv, men mogleg for Gud. Guds Son vart Menneskesonen som representerte heile menneskeslekta i ein person, og Gud handla gjennom han til menneske si frelse.

## **Konklusjon**

Johannes er vegryddaren som fekk arbeidet med å peika på Jesus, Guds lam. Han bar ut vitnemålet om han som ber bort synda i verda. Johannes peika framover til Frelsaren som var på veg. Vår oppgåve er å peika på Jesus, Guds lam som kom, som bar også vår synd bort, og som enno i dag er å finna. Vegryddarar er det enno bruk for! Å peika på Guds lam, verdens Frelsar er enno naudsynt!

## **Alvhild Vassel Eide**

Tidl. tilsett i NMS, Kamerun og Region Bjørgvin, kyrkjelydssekr. Fjell, red.sekr. Sambåndet.  
[alvhild.vassel@dcpost.no](mailto:alvhild.vassel@dcpost.no)